

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 97/16/EF****av 10. april 1997****om 15. endring av direktiv 76/769/EØF om avgrensning av marknadføring og bruk av visse farlege stoff og preparat(\*)****EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtene:

Ved artikkel 7 A i traktaten vert det skipa eit område utan indre grenser, der det er sikra fritt varebyte og fri rørsle for personar, tenester og kapital.

Bortsett frå Austerrike, Finland, Hellas, Italia og Luxembourg er alle medlemsstatane part i konvensjonen om kamp mot havureining ved utslepp frå land (Paris-konvensjonen av 1974). Paris-kommissjonen, som er det utøvande organet for Paris-konvensjonen, held heksakloretan og dei stoffa som kan dannast ved bruken av det, for å vere stoff som fører til ureining som bør fjernast i samsvar med artikkel 4 nr. 1 bokstav a) i Paris-konvensjonen. Ved eit mandat som det vedtok 4. mars 1996, gav Rådet Kommissjonen fullmakt til forhandle fram ei avgjerd med sikte på å gradvis avskaffe bruken av heksakloretan, med visse unntak for bruk i industrien for ikkje-jarnhaldige metall, særleg for bruk i ikkje-integrerte aluminiumsverk og i visse magnesiumlegeringar. Dei forhandlingane som vart førde under møtet til Oslo-kommissjonen og Paris-kommissjonen i Oslo i juni

1996, leidde til vedtaking av PARCOM-avgjerd 96/1 om gradvis avskaffing av bruken av heksakloretan i industrien for ikkje-jarnhaldige metall, som kom i staden for PARCOM-avgjerd 92/4 og 93/1 om det same emnet. I PARCOM-avgjerd 96/1 er det fastsett at det i 1998 skal vurderast på nytt om det er naudsynt å ha unntak frå forbodet mot bruk av heksakloretan.

Dei avgrensingane som medlemsstatane er pålagde med omsyn til marknadføring av heksakloretan til bruk i industrien for ikkje-jarnhaldige metall, har direkte innverknad på korleis den felles marknaden verkar. Difor er det naudsynt å gjere lovgjevinga i medlemsstatane likare på dette området og å endre vedlegg I til direktiv 76/769/EØF<sup>(4)</sup>.

På bakgrunn av omfanget og verknadene av den planlagde åtgjerda er dei fellesskapstiltaka som er fastsette i dette direktivet, ikkje berre naudsynte, men òg uomgjengelege for å nå dei uttala måla. Medlemsstatane kan ikkje nå måla kvar for seg. Dessutan er det alt fastsett i direktiv 76/769/EØF at måla skal nåast på fellesskapsplan -

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:****Artikkel 1**

Vedlegg I til direktiv 76/769/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

**Artikkel 2**

Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. desember 1997. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 116, 6.5.1997, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 49/98 av 29. mai 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 382 av 31.12.1994, s. 35, og TEF nr. C 12 av 17.1.1996, s. 12.

(2) TEF nr. C 236 av 11.9.1995, s. 12.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 20. september 1995 (TEF nr. C 269 av 16.10.1995, s. 63), felles haldning frå Rådet av 26. november 1996 (TEF nr. C 41 av 10.2.1997, s. 1), europaparlamentsavgjerd av 16. januar 1997 (TEF nr. C 33 av 3.2.1997) og rådsavgjerd av 13. mars 1997.

(4) TEF nr. L 262 av 27.9.1976, s. 201. Direktivet sist endra ved direktiv 94/60/EF (TEF nr. L 365 av 31.12.1994, s. 1).

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. januar 1998.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

### **Artikkel 3**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

### **Artikkel 4**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. april 1997.

For Rådet

**A. VAN DOK VAN WEELE**

Formann

For Europaparlamentet

**J.M. GIL-ROBLES**

President

## VEDLEGG

I vedlegg I til direktiv 76/769/EØF vert følgjande stoff lagt til:

«xx Heksakloretan  
CAS-nr. 67-72-1  
EINECS-nr. 2006664

Må ikke brukes ved produksjon eller bearbeiding av ikke-jernholdige metaller.

Som unntak fra dette kan medlemsstatene på sitt territorium tillate bruk av heksakloretan (HCE)

- i ikke-integrerte aluminiumsverk der det produseres spesialstøpegods for bruksområder med strenge krav til kvalitets- og sikkerhetsstandarder, og som har et gjennomsnittlig forbruk på under 1,5 kg HEC per dag. På bakgrunn av utviklingen av ny kunnskap om og nye teknikker for erstatningsprodukter skal Kommisjonen, i forståelse med medlemsstatene og innen rammene av PARCOM, vurdere dette unntaket på nytt innen 31. desember 1998,
- til kornforfining ved produksjon av magnesiumlegeringene AZ81, AZ91 og AZ92. På bakgrunn av utviklingen av ny kunnskap om og nye teknikker for erstatningsprodukter skal Kommisjonen, i forståelse med medlemsstatene og innen rammene av PARCOM, vurdere dette unntaket på nytt innen 31. desember 1998.»